



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Trude Knutzen Knagenhjelm, 5764 3094

## SMIL og drenering i 2019 - tildeling av rammer og føringar - kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane

Landbruks- og matdepartementet har i 2019 tildelt ei ramme til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) på 5, 2 millionar til Hordaland, og 5,7 millionar til Sogn og Fjordane. Til ordninga for dreneringstilskot har departementet tildelt 3 millionar til Hordaland og 2 millionar til Sogn og Fjordane. Frå 2019 er SMIL- og dreneringsordninga overførte til det nye elektroniske systemet, Agros.

I det vidare følgjer overordna informasjon om overgangen til Agros og føringar for tilskotsordningane SMIL og drenering. Vår fordeling av midlane til kommunane går fram av vedlegg 1, og vil bli lagt inn i Agros med det første.

Landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Vestland vil, i løpet av dei første vekene, sende eit forventningsbrev til kommunane med oversikt og føringar for andre oppgåver på landbruksområdet.

### Agros

Frå 11. februar er søknads- og saksbehandlingssystemet Agros ope for elektronisk søknad og saksbehandling. Landbruksdirektoratet sine fagsider for ordningane inneheld informasjon om dette:

SMIL: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/om-tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket/>

Drenering: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/drenering/om-tilskudd-til-drenering-av-jordbruksjord>

På fagsidene under panelet *For saksbehandlar* finn du m.a. *Brukerveiledning SMIL og Drenering i Agros*. Instruksjonsvideoar for saksbehandlar vil om kort tid bli lagt ut på desse fagsidene.

Landbruksdirektoratet har òg utarbeidd forslag til informasjon til søkjarar, som kommunane kan publisere på sine nettsider (vedlegg 2). Rettleiingsvideo for søkjarar ligg på fagsidene hos Landbruksdirektoratet under panelet *Hvordan søke?*



Som kjend frå tidlegare utsendt informasjon frå oss er gamle saker frå Saturn overført til Agros. Eit mykje stilt spørsmål i samband med dette er korleis ein oppdaterer kontonummer i saker som er registrerte på privatpersonar. Utbetaling gjennom Agros skjer til det bankkontonummeret som er registrert på personen i Landbruksregisteret. For føretak ligg det eit skjema i Altinn som kan nyttast for å oppdatere kontonummeret, men denne tenesta kan ikkje nyttast av privatpersonar. For privatpersonar kan kontonummer endrast på denne måten:

Søkjar loggar seg på skjematenesta i Altinn for SMIL eller Drenering, og må passe på å representere seg sjølv som privatperson under innlogging:

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket-smil/>

<https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/tilskudd-til-drenering-i-jordbruket/>

På startsidea etter innlogging finn søkjar ei lenke for å endre kontonummeret. Når søkjar har gjort dette vil opplysningane vere tilgjengelege for saksbehandlar som skal gjennomføre utbetalinga.

### **Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket**

Kommunane har ansvaret for å forvalte tilskotsordninga etter *forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket* og Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2017-13. Landbruksdirektoratet arbeider med revidering av rundskrivet, m.a. som følgje av det nye søknads- og saksbehandlingssystemet, og vil ferdigstille dette innan 1. april 2019.

Kommunane har ansvaret for å kunngjere tilskotsordninga og fastsette søknadsfrist. Som følgje av jordbruksavtalen 2018 – 2019 kan kommunane no løyve SMIL-midlar til søknad om tilskot til etablering av dekke for å hindre nedbør i eksisterande gjødsellager. Nye lager for å auke lagerkapasiteten kan ha moglegheit til å utløyse tilskot på inntil 20 % frå Innovasjon Norge, avgrensa til 100 000 kr. Ombygging og nybygging av gjødsellager er eit prioritert tiltak for Innovasjon Norge Vestland.

Som oppfølging av Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter, vart det i jordbruksoppgjeret 2017 opna for å løyve tilskot for å kjempe mot og hindre spreiding av framande skadelege artar, som t.d. hønsehirse og kjempespringfrø.

Fylkesmannen vil òg framheve moglegheiter for tilskot innan forureiningstiltak, til dømes til utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg og til fangdammar / andre økologiske reinsetiltak.

I tillegg til ramma frå departementet på 5,7 millionar, er det for Sogn og Fjordane overført kr. 620 170,- som ikkje vart nytta av kommunane i 2018. I Hordaland stod det ikkje att restmidlar etter søknadsomgangen 2018. Årets kommuneramme er utrekna med utgangspunkt i jordbruksareal i drift pr. kommune og forbruket i 2018. Dette er vekta 50/50. I tillegg har vi som tidlegare år nytta skjøn i fastsetjinga av rammene, der vurderinga m.a. er tufta på årsrapportar frå kommunane med innmeldte behov, og føringa frå direktoratet om å prioritere kommunar med god gjennomføringsevne.

Midlar som i løpet av året vert inndregne vert lagt til kommunen si ramme slik at kommunen kan disponere dei på nytt. Ved årsskiftet vil ubrukte midlar hos kommunane bli trekt tilbake til Fylkesmannen. I dialog med kommunane har Fylkesmannen høve til å fordele ubrukte midlar på nytt i løpet av året. Sjå meir om dette i avsnittet om *statusrapport* lenger nede i brevet.



Fylkesmannen held att ein mindre sum av den totale ramma for kvart av fylka som kan nyttast til klager og fordeling i særskilde saker.

### **Tilskot til drenering**

Kommunane har ansvaret for å forvalte tilskotsordninga etter *forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord* og Landbruksdirektoratet sitt rundskriv 2018-57. Landbruksdirektoratet arbeider med revidering av rundskrivet, slik som for SMIL. Kommunane har ansvaret for å kunngjere tilskotsordninga og fastsette søknadsfrist.

I tillegg til ramma frå departementet på 3 millionar er det overført kr. 1 284 655,- som ikkje vart nytta av kommunane i Hordaland 2018. I Sogn og Fjordane er det overført kr. 1 428 800,- i tillegg til ramma på 2 millionar frå departementet. Midlane er fordelt med utgangspunkt i forbruket av dreneringsmidlar i kvar kommune i 2018, og statistisk fordeling av fulldyrka areal på vekstgruppene grovfôr, korn, potet, grønnsaker, frukt og bær.

Vi held att ein sum for kvart av fylka til fordeling seinare i år til klager, særskilte saker og kommunar med behov for tilleggsmidlar.

### **Statusrapport innan 1. oktober**

Vi ber om at kommunane sender oss statusrapport med forbruksprognosar innan 1. oktober 2019 til e-postadressa [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no). I rapporten ønskjer vi å få oversikt over venta sum for løyvingar, ubrukne midlar per 1. oktober og prognose for ubrukne midlar ved årsslutt.

Kommunar som har behov for auka ramme må melde frå om dette til Fylkesmannen. Vi vil i dialog med kommunane vurdere å fordele den ubrukne ramma på nytt slik at midlane kan nyttast i kommunar med stort påtrykk av søknadar.

Vi ønskjer elles lukke til med forvaltning av tilskotsmidlane for SMIL og drenering i 2019, og spesielt med overgangen til Agros. Ta gjerne kontakt med underteikna, eller Øyvind Vatshelle, dersom de har spørsmål.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Trude Knutzen Knagenhjelm  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1. Kommunale rammer for SMIL og drenering
2. Informasjon til søkjar om søknad i Agros – SMIL og drenering – til kommunane sine nettsider



## Mottakerliste:

|                    |                       |      |                |
|--------------------|-----------------------|------|----------------|
| Kvam herad         | Grovagjelet 16        | 5600 | NORHEIMSUND    |
| Høyanger kommune   | Postboks 159          | 6991 | HØYANGER       |
| Vik kommune        | Postboks 134          | 6891 | VIK I SOGN     |
| Balestrand kommune | Rådhuset              | 6899 | BALESTRAND     |
| Førde kommune      | Postboks 338          | 6801 | FØRDE          |
| Etne kommune       | Sjoarvegen 2          | 5590 | ETNE           |
| Jondal kommune     | Kommunehuset          | 5627 | JONDAL         |
| Eidfjord kommune   | Simadalsvegen 1       | 5783 | EIDFJORD       |
| Voss kommune       | Postboks 145          | 5701 | VOSS           |
| Os kommune         | Postboks 84           | 5202 | OS             |
| Vaksdal kommune    | Konsul Jepsensgata 16 | 5722 | DALEKVAM       |
| Naustdal kommune   | Postboks 43           | 6806 | NAUSTDAL       |
| Sveio kommune      | Postboks 40           | 5559 | SVEIO          |
| Bømlo kommune      | Leirdalen 1           | 5430 | BREMNES        |
| Austevoll kommune  | Kommunehuset          | 5392 | STOREBØ        |
| Askøy kommune      | Klampavikvegen 1      | 5300 | KLEPPESTØ      |
| Austrheim kommune  | Kommunehuset          | 5943 | AUSTRHEIM      |
| Solund kommune     | Postboks 73           | 6921 | HARDBAKKE      |
| Hyllestad kommune  | Kommunehuset          | 6957 | HYLLESTAD      |
| Jølster kommune    | Kommunehuset          | 6843 | SKEI I JØLSTER |
| Gloppen kommune    | Grandavegen 9         | 6823 | SANDANE        |
| Tysnes kommune     | Rådhuset              | 5685 | UGGDAL         |
| Ulvik herad        | Skeiesvegen 3         | 5730 | ULVIK          |
| Fusa kommune       | Postboks 24           | 5649 | EIKELANDSOSEN  |
| Samnanger kommune  | Tyssevegen 217        | 5650 | TYSSE          |
| Radøy kommune      | Radøyvegen 1690       | 5936 | MANGER         |
| Flora kommune      | Postboks 13           | 6901 | FLORØ          |
| Leikanger kommune  | Skrivarvegen 7        | 6863 | LEIKANGER      |
| Sund kommune       | Postboks 23           | 5371 | SKOGSVÅG       |
| Fjell kommune      | Postboks 184          | 5342 | STRAUME        |
| Osterøy kommune    | Rådhuset              | 5282 | LONEVÅG        |
| Meland kommune     | Postboks 79           | 5906 | FREKHAUG       |
| Lindås kommune     | Kvernhusmyrane 20     | 5914 | ISDALSTØ       |
| Masfjorden kommune | Austfjordvegen 2724   | 5981 | MASFJORDNES    |
| Aurland kommune    | Vangen 1              | 5745 | AURLAND        |
| Askvoll kommune    | Postboks 174          | 6988 | ASKVOLL        |
| Bremanger kommune  | Postboks 104          | 6721 | SVELGEN        |
| Stord kommune      | Postboks 304          | 5402 | STORD          |
| Odda kommune       | Opheimsgata 31        | 5750 | ODDA           |



|                    |                     |      |                   |
|--------------------|---------------------|------|-------------------|
| Ullensvang herad   | Heradshuset         | 5780 | KINSARVIK         |
| Øygarden kommune   | Ternholmvegen 2     | 5337 | RONG              |
| Fjaler kommune     | Postboks 54         | 6961 | DALE I SUNNFJORD  |
| Vågsøy kommune     | Postboks 294        | 6701 | MÅLØY             |
| Selje kommune      | Kommunehuset        | 6740 | SELJE             |
| Hornindal kommune  | Postboks 24         | 6761 | HORNINDAL         |
| Kvinnherad kommune | Rosendalsvegen 10   | 5470 | ROSENDAL          |
| Fedje kommune      | Adm.bygg            | 5947 | FEDJE             |
| Sogndal kommune    | Postboks 153        | 6851 | SOGNDAL           |
| Årdal kommune      | Postboks 40         | 6881 | ÅRDALSTANGEN      |
| Gaular kommune     | Vadheimsvegen 15    | 6973 | SANDE I SUNNFJORD |
| Bergen kommune     | Postboks 7700       | 5020 | BERGEN            |
| Fitjar kommune     | Postboks 83         | 5418 | FITJAR            |
| Granvin herad      | Postboks 13         | 5733 | GRANVIN           |
| Modalen kommune    | Postboks 44         | 5729 | MODALEN           |
| Gulen kommune      | Eivindvikvegen 1119 | 5966 | EIVINDVIK         |
| Lærdal kommune     | Postboks 83         | 6886 | LÆRDAL            |
| Luster kommune     | Rådhuset            | 6868 | GAUPNE            |
| Eid kommune        | Rådhusvegen 11      | 6770 | NORDFJORDEID      |
| Stryn kommune      | Tonningsgata 4      | 6783 | STRYN             |